



## FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Firda Settefisk AS  
Norddalsfjorden

6900 FLORØ

Dykkar ref.  
-

Vår ref.  
1999/8333 /542.1/GH  
A

Hermansverk  
22.3.2002

### **FIRDA SETTEFISK AS - SF/F-9 - LØYVE TIL UTSLEPP FRÅ SETJEFISKANLEGG FOR LAKS OG AURE VED NORDDAL - FLORA KOMMUNE**

Vi viser til søknad dagsett 27.9.99, oversendt frå Fiskeridirektoratet region Sogn og Fjordane 12.10.99. Det vert søkt om utviding av kapasitet på setjefiskanlegget frå 500 000 smolt til 2 500 000 smolt.

Saka var ikkje godt nok opplyst til at den kunne avgjerast ut frå føreliggjande opplysningar. Det har vore nødvendig å avklare tilhøve til vassressurslova og å skaffe fram opplysningar om resipienttilhøva. Brevet frå Fiskeridirektoratet om mellombels utvida løyve dagsett 10.10.01 skal ein sjå bort frå, då det er ugyldig utan at fylkesmannen først har gjeve løyve etter ureiningslova.

Saka har vore mykje omtale i media, og det har vore fleire problemstillingar i saka. NVE har no vurdert saka i høve til vassressurslova og gjeve løyve, og saka er mellombels avklart i høve til kraftverksinteressene i vassdraget. Naboar og folk i området har til dels vore sterkt kritisk til utvidinga og viser til ei rekkje endringar i resipienttilhøva dei siste om lag 10 åra. Heilt til det siste har det kome inn merknader til søknaden. Nokre av merknadene vert omtalt nedanfor.

**Med heimel i § 18 i ureiningslova frå 13 mars 1981 nr.6, vert utsleppsløyve som omtalt i fiskerisjefen sitt løyve dagsett 24.6.86 oppheva. Med heimel i § 11, jf. § 16 i same lov gir fylkesmannen i Sogn og Fjordane Firda Settefisk AS, løyve på nærare vilkår til utslepp til luft og vatn frå eit anlegg for oppdrett av setjefisk av laks og aure ved:**

<i>Lokalitet og kommune</i>	<i>Årsproduksjon, totalt tal fisk/mengd i tonn</i>	<i>UTM (EUREF89) anlegg</i>	<i>UTM (EUREF89) utsleppspunkt (om lag)</i>
<i>Norddal i Flora</i>	<i>2 500 000 stk/ 300 tonn</i>	<i>(32V)308050 6839800</i>	<i>(32V) 307700 6839400</i>

Adresse  
Tinghuset, Skrivarvegen 3  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon  
57 6550 00  
Telefaks  
57 65 50 55

Landbruksavdelinga  
Hafstadvegen 48  
Postboks 14  
6801 FØRDE

Telefon  
57 72 32 00  
Telefaks  
57 82 12 05

- ./ **Løyvet gjeld under føresetnad av at vedlagte vilkår vert følgde.** Vi ber om at vedlegget om "orientering til fylkesmannen" vert returnert hit før utvida produksjon startar opp.

Vi gjer merksam på at løyvet først tek til å gjelde dersom anlegget får konsesjon etter oppdrettslova. Gjenpart av dette løyveskrivet vert difor send til regionkontoret ved fiskeridirektoratet.

**Orientering om tidsfristar for nokre tiltak (jf. vilkåra):**

Tiltak	Tidsfrist	Tilvising til vilkår
Etablere reinseanlegg	1.mai 2005	2,1
Funne utsleppsstad og etablert utsleppsleidning	1.april 2003	2.2
Resipientgransking	Innan 31.12.2005, deretter kvart 5.år (minimum)	3
Sende årsrapport til fylkesmannen	15.feb (eller etter melding det enkelte år)	6.2

**Bakgrunn for saka**

Firda Settefisk AS har drive setjefiskproduksjon av laksefisk ved Norddal sidan 1986. Produksjonen dei første åra var etter måten høvesvis liten. Biomassen ved anlegget har etter det vi forstår endra seg mykje, særleg i den tida då det var vanleg at marknaden kunne ta i mot setjefisk på 200 – 300 gram (nokre stader opp mot 1 kg). Marknadstilhøva har endra seg og etterspurnaden er no størst for setjefisk i storleiken 50 – 110 gram.

Norrdalselva er ein marginal lakseelv, men som har fått auka verdi som følgje av den dramatiske nedgangen av laks på Vestlandet den seinare tida. Faglege vurderingar som vart gjort på 1980-talet, kan ein difor ikkje utan vidare føre vidare no. Alle vassdrag med naturleg gytande lakse- og sjøaurestammar har mônaleg høgare verdi i våre dagar. For denne saka registrerer vi at partane synest å vere samd i verdien å oppretthalde også naturleg laksefiskgyting i elva, og at maksimalt vassforbruk ikkje vil true denne produksjonen. Den gledelege auka oppgangen av laks dei to siste åra ser ut til også å gjelde denne elva.

Vassforbruket ved anlegget har endra seg i samsvar med endra biomasseproduksjon. Det har vore tvil om vassdraget kunne levere tilstrekkeleg mengd vatn til produksjonen, og samstundes ha tilstrekkeleg restvassføring til å oppretthalde ein naturleg gytande lakse- og sjøaurestamme. Desse tilhøva er avklart i høve til NVE sitt regelverk, og vert ikkje vidare omtalt her.

Tilhøva til kraftproduksjon i vassdraget er også mellombels avklara, og vert ikkje vidare omtalt her.

**Omtale av nokre merknader**

Oskar Solstrand skriv 1.3.02 at han er motstandar av djupvassutslepp av ferskvatn i fjorden, og at utsleppa frå setjefiskanlegget er årsaka til at fisken innafør Norddalsfjordbrua ikkje kan nyttast som matfisk.

Anne Lise Midtbø (leiar for Norddalsfjord grendelag) ber den 17.1.02 om at det vert utført ein resipient- og konsekvensutgreiing for det marine miljøet i Norddalsfjorden. Dette anlegget bør sjåast i samanheng med andre anlegg lenger ute i fjorden. Ho meiner vidare m.a. at ein for tida ser ein stor oppblomstring av algar og grønske, og at det er ei feitthinne på overflata.

Atle Norddal skriv den 6.3.01 om observasjonar han har gjort etter vassdragsregulering og etablering av settefiskanlegget. Han omtalar m.a. endra straumtilhøve, endra åtferd hos fisk, endra (dårlegare) kvalitet på fisk, glattare fjæresteinar med belegg. Han viser òg til at reketråling i djupområdet heldt fram til om lag 1990.

Odd Ståle Norddal skriv den 5.3.01 at det har vore tiltakande ureining av fjorden utover på 1990-talet, som har gitt seg utslag i oppblomstring av algar. Han ber om m.a. at utbygging ikkje må skje utan forsvarleg reinsing.

Fleire av momenta er omtalt nedanfor, og det er teke omsyn til innspela så langt som råd innafor ureiningslova sitt virkeområde.

### **Grunngjeving for avgjerda**

Utsleppsløyvet set grenser i høve til både tal individ og mengd årleg produksjon i biomasse. Tal individ vil i høve til ureiningstilhøva ha mindre å seie for utsleppstilhøva enn produksjonsmengda i tonn. Begge tala vert likevel nytta her for å få best mogeleg samordning med fiskeridirektoratet si avgrensing. Merk likevel: I høve til ureiningslova er dei sette grensene det totale tal fisk som kan produserast innafor rammene til løyvet per år. Vi skil ikkje mellom produksjon av "smolt" (som kan setjast i sjøen) og "setjefisk" (som må fôrast vidare i ferskvatn anna stad før smoltifisering). Vekt på levert fisk – saman med fôrmengd, er dei viktigaste faktorane som seier noko om venta resipienttilhøve.

Standard for denne type utslepp er at dei skal vurderast på line med andre industriutslepp. Eit mål er at utsleppsløyvet skal setje avgrensingar i utsleppsmengder, uavhengig av produksjonsmengd og –prosess. Når det gjeld omsøkt produksjonsmengd på 2,5 millionar fisk, så er dette heilt på grensa av ei utsleppsmengd som kan måtte konsekvensutgreiast etter reglane i plan- og bygningslova. Etter vårt syn vil ureinsa utslepp av denne storleiken kunne vere i strid med retningslinene i § 2 i ureiningslova. Vi har difor sett krav til reinsing og til fordeling av avløpsvatnet i resipienten. Tilhøva i resipienten tyder etter vårt syn på at det ikkje er nødvendig å reinse utsleppet med meir enn det som kallast for "primærreinsing", det vil seie mekanisk handsaming av avløpsvatnet.

Søkjjar har uttalt at reinsekravet kan verte vanskeleg å stette, spesielt av di ein ikkje har planar klare eller avtalar for vidare handsaming av det reinsa slammet. Vi føreset at dette vert avtalt privatrettsleg med avfallsselskap, eller at avtale om disponering på landbruksmark vert gjort med grunneigar innafor rammene til m.a. gjødselvarforskrifta. Sett i høve til intensjonen med reinsekravet, er det mogeleg å unngå kravet om reinsing, men då må ein søkje på nytt for eit redusert utslepp.

Gransking av resipienttilhøva innafor terskelen ved Joneset, viser at sedimenteringsområdet er klart påverka. Ytterlegare ureinsa utslepp til resipienten er

difor isolert sett uønskt. Vi vurderer at ei viktig årsak til dei svake resipienttilhøva er naturgjevne, med truleg ujamne og kan hende sjeldne utskiftingar av botnvatnet. Omsøkt fôrmengd er 350 tonn per år. Vi legg likevel til grunn ei produksjonsmengd på 2 500 000 stk fisk per år med gjennomsnittleg storleik på inntil 100 gram. Med fôrfaktor 1,1 som døme, vil fôrbehovet då vere 275 tonn. Ramma til løyvet som er på 300 tonn er difor normalt rikeleg for omsøkt produksjon. Med dei påkravde reinsekrava tyder ei teoretisk utrekning på at tilførslene av organisk stoff frå anlegget vert om lag 29 tonn. Slike utrekningar er usikre, og andre modellar tyder på høgare utslepp. Berre jamleg oppfølging av avløpsvatnet med målingar vil kunne fastsetje det faktiske utsleppet.

Søknaden inneheld ikkje produksjonsstatistikk eller andre opplysningar som seier noko om utviklinga av antropogen belastning av resipienten sidan 1986. Når vi likevel godkjenner utsleppet, er det ut frå generell fagleg vurdering av tilsvarande utslepp andre stader, og opplysningar frå resipientgranskinga. Det er difor ukjent om belastninga over tid vil føre til verre tilhøve i resipienten, eller om djuptilhøva i større grad er styrt av naturlege vassutskiftingar. Det er difor sett krav om oppfølgjande resipientgranskingar, som må gjerast ved visse mellomrom. Resultata av desse granskingane vil vere med å avgjere om produksjonen eller reinsetiltak eller tekniske innretningar (t.d. utsleppsleidningen) bør endrast ved eit seinare høve.

Gruntvasstilhøva er omtalt kritisk i fleire kommentarar. Tilhøva synest ikkje å vere tilfredsstillande, men tilhøva er berre i mindre grad dokumenterte. Vi har no innskjerpa kravet til funksjon for djupvassleidningen, slik at oppslag til overflata og evt. tilbakeslag av avløpsvatn til fjæra vert mindre sannsynleg. Endringar i tilstand i overflata kan ha fleire årsaker. Meir ferskvatn i nedbørrike år, kan føre til brakkvasspåverka overflatelag og oppbloming av grønne algar. På den andre sida kan svært nedbørfattige tider føre til saltare vatn. Ein veit at i saltvatn er algeveksten oftare avgrensa av nitrogen enn av fosfor. Utsleppa kan grovt sett samanliknast med ein tettstad på ein stad mellom 1 500 og 3 000 personar. Vi ventar difor at dei vedtekne krava vil sikre tilfredsstillande tilhøve.

## **Avsluttande reglar og informasjon**

### A) Endring, attendekalling av løyvet eller opphøyr av produksjon

Med heimel i § 18 i ureiningslova kan fylkesmannen gjere om eller setje nye vilkår i løyvet. Fylkesmannen kan om nødvendig kalle heile løyvet attende. Brot på føresetnadene for løyvet kan føre til revurdering av løyvet, evt. at anlegget vert kravd flytta.

Dersom anlegget ikkje har hatt produksjon i meir enn 2 år, må det gjevast melding til fylkesmannen, jf. § 20 i ureiningslova. Fylkesmannen vil avgjere om det må søkjast om nytt løyve før ein kan starte opp produksjonen att.

### B) Tilsyn og ansvar

Dersom De har tilgang til internett, kan De få nærare orientering over aktuelle miljølover ved denne adressa: <http://www.sft.no/>. Ureiningslova ligg i fulltekst på denne adressa: <http://www.lovdatabank.no/all/hl-19810313-006.html>. Aktuelle lover og forskrifter som gjeld ureining og avfallshandtering kan De også tinge hos Statens forurensningstilsyn, p.b. 8100 Dep., 0030 Oslo.

Fylkesmannen eller den han gir fullmakt, skal til ei kvar tid ha tilgang til alle delar av anlegget, journalar, rekneskap, interne vedtak, m.m. for å kunne føre tilsyn etter §§ 48 - 50 i ureiningslova.

Vedkomande som har fått utsleppsløyve er ansvarleg for at anlegget vert halde vedlike og drive slik at det til ei kvar tid svarar til formålet og vilkåra i løyvet. Drifts- og vedlikehaldsrutinar skal leggjast opp slik at ein til ei kvar tid har oversyn over anlegget og prosessane sine funksjonar og effektar. Ajourført informasjon skal når som helst, og utan ugrunna opphald kunne oppgjevast til kontrollør.

Dette løyvet fritar ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda som t.d. arbeidsmiljø-, fiskeri- og veterinærlovgivinga. Merk at Kystverket må godkjenne installasjonar i sjø og kan setje krav til merking.

Alle verksemdar som sysselsett arbeidstakar, er frå 1.1.92 pliktige til å ha ein internkontroll som sikrar at lover og reglar innan helse, miljø og tryggleik vert følgd (jf. § 52 b i ureiningslova og "Internkontrollforskrifta", seinast endra 6.12.1996). Fylkesmannen vil spesielt streke under plikta til å etablere og drive eit system som vernar om **det ytre miljøet** (vern mot ureining og ei betre handtering av avfall).

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som ureinar å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og vanlege erstatningsreglar, jf. kap. 8 og § 10 i ureiningslova.

#### C) Konsekvensar ved brot på løyvet eller vilkår for løyvet

Med heimel i § 73 i ureiningslova kan fylkesmannen fastsetje tvangsmulkt til staten for å sikre at tiltak og vilkår vert gjennomførde i samsvar med løyveskrivet.

For ordens skuld gjer vi merksam på at brot på dette løyvet eller pålegg i tilknytning til løyvet, kan straffast etter ureiningslova, jf. kap. 10, dersom tilhøva ikkje vert råka av strengare strafferammer.

#### D) Om klageretten

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda eller vilkår i løyvet innan 3 veker etter at avgjerda vart mottatt. Eventuell klage bør grunngjevast og må rettast til Statens forurensningstilsyn (SFT). Klagen skal sendast om fylkesmannen som kan ta klagen heilt eller delvis til følgje eller sende han til SFT til endeleg avgjerd.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvern sjef

Gøsta Hagenlund  
seksjonsleiar (tlf. 57 65 51 44)

Vedlegg: 1. Vilkår  
2. Erklæring (skal i retur til fylkesmannen)

Gjenpart m/vedlegg 1: Fiskeridirektoratet, region Sogn og Fjordane, Postboks 1,  
6701 Måløy  
Fylkesveterinæren i Hordaland og Sogn og Fjordane, Bontelabo 8A, 5003  
Bergen  
Flora kommune, Strandgata 30, 6900 Florø  
Oskar Solstrand, Norddalsfjord, 6900 Florø  
Anne Lise Midtbø, Norddalsfjord, 6900 Florø  
Atle Norddal, Kleiva 33, 6900 Florø  
Odd Ståle Norddal, Norddalsfjord, 6900 Florø

Intern: GH, VASS, HAM

## Vilkår for løyve til utslepp frå setjefiskanlegg for laks og aure ved Norddal - Flora kommune

### 0 Innleiing

Føremålet med vilkåra til dette utsleppsløyvet er å mest mogeleg hindre, minimalisere og førebyggje skader og ulempe for miljøet som følgje av utslepp frå verksemda. Utsleppa skal ikkje på nokon vesentleg måte endre naturtilstanden i miljøet i vatn eller på land.

Dei tilsette må ha god kunnskap om mogelege utslepp, og må arbeide aktivt gjennom eigen kontroll for å hindre skade eller ulempe for miljøet, og for å førebyggje at utslepp kan skje.

### 1 Ansvar

Anlegget skal ha ein stadleg representant som er ansvarleg i høve til krav i dette løyve og generelle krav i høve til ureiningslova med forskrifter. Vedkomande skal ha god kunnskap om hovudprinsipp i ureiningslova, viktige krav og alle relevante forskrifter. Vedkomande må kjenne godt til innhaldet i Forskrift om systematisk helse-, miljø, og sikkerhetsarbeid (internkontrollforskrifta) av 6.12.1996 og syte for overvaking og vedlikehald av internkontroll når det gjeld det ytre miljøet.

Den ansvarlege for løyvet skal før ny eller endra produksjon vert starta opp, returnere utfylt skjema (jf. neste vedlegg) til fylkesmannen. Endringar i opplysningane i skjemaet skal straks meldast til fylkesmannen ved innsending av nytt skjema eller på e-post: [postmottak@fm-sf.stat.no](mailto:postmottak@fm-sf.stat.no).

### 2 Anlegg

- 2.1 Reinseanlegg.** Før utslepp til resipienten skal avløpsvatnet reinsast mekanisk gjennom eit primærreinsanlegg, dvs at avløpsvatnet skal reinsast i silanlegg, mekanisk sedimenteringsanlegg eller anna type reinseanlegg som reduserer innhaldet av organisk materiale, målt som KOF med minst 20 %, og innhald av suspendert stoff (SS) med minst 50 %.
- 2.2 Utsleppsstad.** Avløpsvatnet skal førast til resipienten på ein djupne som sikrar at avløpsvatnet normalt ikkje når overflata om sommaren. Djupne må fastsetjast ved hjelp av målingar av straum og teoretisk innlagring.
- 2.3 Kontroll med utsleppet.** Reinseanlegget skal ha nødvendig utstyr for måling av avløpsmengde, og for å gjennomføre den kontrollen som det er sett krav om. Utsleppskontrollen ved reinseanlegget skal utførast i samsvar med oppsett i tabellen nedanfor.

## Vilkår for løyve til utslepp frå matfiskanlegg for laks og aure ved Norddal i Flora kommune

Parameter	Prøvepunkt	Prøver pr. år
Vassføring	Innløp, evt. utløp. Overløp	Kontinuerleg
Suspendert stoff (SS)	Innløp. Utløp	12 over min. 3 dagar
Organisk materiale (KOF)	Innløp. Utløp	4 over min. 3 dagar

Det er ikkje kravd særskild utsleppskontroll/prøvetaking av avløpsvatn før og etter slamutskiljarar, men føresett at effekten av desse blir dokumentert som utteke slammengde (jf. punktet nedanfor), og gjennom rutinar for tømning og tilsyn.

### 3 Miljøtilstand i resipienten

Utslepp frå anlegget skal ikkje føre til at gravande dyr ikkje kan eksistere ved utsleppsstaden for avløpsvatnet.

I sedimenteringsområde skal tilstandsklassa ikkje vere dårlegare enn klasse 2 (jf. SFT-veiledning 97:03) når det gjeld djupvatn, blautbotnfauna og sediment.

Overflatevatnet i influensområde skal om sommaren ikkje vere dårlegare enn naturtilstandsklassa.

Innan 31.12.2005, deretter med jamne mellomrom, men minst kvart 5. år, må tilstanden i resipienten (nærområdet, overflatevatnet i influensområdet og djupvatnet, blautbotnfauna og sediment i sedimenteringsområde) kartleggjast og klassifiserast etter nasjonale standardar.

Verksemnda pliktar å koste eller delta i granskingar som fylkesmannen finn nødvendig for å kartleggje ureiningseffekt i resipienten (jf. § 51 i ureiningslova). Verksemnda kan òg etter pålegg frå fylkesmannen måtte betale for ein høvesmessig del av kostnadene ved ei resipientgransking (enkeltstående eller vedvarande program) i området der anlegget er plassert.

### 4 Drift og driftsrutinar

Verksemnda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med reinseanlegg, fôringsutstyr, m.m. slik at det kan drivast mest mogeleg effektivt. Verksemnda må m.a. drive førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservedelslager av dei mest utsette komponentar, jf. elles krav i internkontrollforskrifta.

#### **4.1 Fôr.** Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogleg. Fôrfaktor bør ikkje avvike vesentleg frå 1,0. Det er berre tillate å bruke tørrfôr eller mjukfôr.

Definisjonar:

*Mjukfôr/pellets:* Oppmalt fisk/avfall, tilsett så mykje bindemiddel at den kan fôrast ut som pellets utan å gå i oppløysing.

*Tørrstoffinnhald* > 50 %

*Tørrfôr:* Tørrstoffinnhald > 90 %

## Vilkår for løyve til utslepp frå matfiskanlegg for laks og aure ved Norddal i Flora kommune

**4.2 Lukt.** Fôrlagring, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at det ikkje fører til nemnande luktulempar for naboar eller andre.

**4.3 Støyavgrensing.** Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager. Aktivitetar på anlegget som kan medføre støy ved naboar (immisjonsstøy) er avgrensa på følgjande måte:

Immisjonsstad	Dag	Kveld
	07 <sup>00</sup> - 18 <sup>00</sup> (15 <sup>00</sup> )	18 <sup>00</sup> - 22 <sup>00</sup> (15 <sup>00</sup> - 18 <sup>00</sup> )
Bustad og område som vert nytta som undervisningsstad	50 dB (A)	45 dB (A)
Område som vert nytta som hytteområde og rekreasjonsstad, sjukehus/sjukeheim	40 dB (A)	35 dB(A)
Transport ved nærliggjande bustader	55 dB (A) <sup>1</sup>	55 dB (A)

Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innfor vanleg arbeidstid dvs. kl. 7<sup>00</sup> - 16<sup>00</sup> måndag til fredag.

På søndagar og heilag- eller høgtidsdagar skal anlegget ikkje sleppe ut støy til naboar.

Dersom støyen omfattar tydelege enkelttonar og/eller impulslyd skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 dB. Høgaste lydnivå skal ikkje overskride grenseverdien for ekvivalentnivået med meir enn 10 dB.

Dokumentasjon på lydnivå skal følgje tilvising i SFT-retningslinje TA-506 "Retningslinjer for begrensning av støy fra industri m.v." Ny utgave, mars 1985, eller seinare retningsliner etter godkjenning frå miljøvernavingdelinga hos fylkesmannen.

### 4.4 Lagring av medisin og kjemikaliar

Medisin, insekticid og andre kjemikaliar skal lagrast slik at det ikkje er fare for spill eller søl til miljøet.

Lagringsstad bør formast slik at evt. utslepp/spill/søl kan samlast opp, t.d. ved hjelp av oppsamlingstankar/kantar med tilstrekkeleg volum.

**4.5 Akutte utslepp.** Verksemda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av t.d. antibiotika, kjemikal osb.

Dersom det oppstår akutte utslepp skal brannvesenet varslast i samsvar med "forskrift om varsling av akutt forurensning". Fylkesmannen skal varslast så snart som råd.

<sup>1</sup> Sett i samsvar med "Veiledende grenser for trafikkstøy" - utgitt av Miljøverndepartementet i rundskriv 29.8.1979.

## Vilkår for løyve til utslepp frå matfiskanlegg for laks og aure ved Norddal i Flora kommune

- 4.6 Eigarskifte.** Ved eigarskifte, inklusiv ny eigar etter ein konkurs, må det gjevast melding om dette til fylkesmannen innan - 4 - fire veker. Det same gjeld ved namneendring.
- 4.7 Nedlegging, opphøyr, mellombels stans eller utsett oppstart.** Før lokaliteten vert forlate, pliktar den ansvarlege å rydde opp alt etterlate lausøyre, kasserte gjenstandar og anna avfall, syte for levering til godkjent mottak og såleis setje området i stand utan teikn til forsøpling eller etterlating av spesialavfall.

Dersom endra produksjon i samsvar med dette løyvet ikkje har starta opp innan 2 år etter ein konsesjon frå fiskeridirektoratet, må det sendast melding til fylkesmannen før ny produksjon kan starte. Fylkesmannen vil vurdere om det må søkjast om nytt utsleppsløyve.

### 5 Avfall og slam

- 5.1 Organisk produksjonsavfall.** Død fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for ureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød.

Død fisk skal takast forsvarleg hand om. Oppsamla død fisk skal konserverast omgåande ved ensilering, frysing, e.l. og fôrast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Oppsamla avfall som ikkje inneheld antibiotika skal utnyttast til fôrprodukt eller gjødsel/jordforbetningsmiddel.

Oppdrettsanlegget skal ha ein kriseplan for å handtere store mengder død fisk, ved t.d. algeoppblomstring eller sjukdom.

Antibiotikahaldig død fisk og anna antibiotikahaldig avfall eller slam skal lagrast i eige lager. Lageret skal ha nok kapasitet, både til avfall ved vanleg drift og avfall ved sjukdom.

Dumping av død fisk og anna avfall i sjøen er ikkje tillate.

Alt slam frå reinseanlegg m.m. skal transporterast til godkjent anlegg for mottak/handsaming. Transporten skal skje på ein slik måte at det oppstår minst moglege ulempe, lukt m.v.

- 5.2 Medisin og kjemikalrestar.** Unytta restar av medisinfôr, antibiotika, insekticid og andre miljøfarlege stoff, inkludert emballasje må samlast og lagrast forsvarleg før det blir levert til produsent eller annan godkjent mottakar. Det same gjeld oppsamla antibiotikahaldige fôrrestar og ekskrement.
- 5.3 Anna avfall.** Spesialavfall, samt emballasje, plast, papir, isopor og anna produksjonsavfall som ikkje kjem inn under pkt. 4.1 og 4.2 skal mellomlagrast på forsvarleg måte, og leverast til godkjent avfallsmottak for slike avfallstypar. Verksemda må kunne dokumentere levert avfallsmengde delt på ulike typar.

Vilkår for løyve til utslepp frå matfiskanlegg for laks og aure ved Norddal i Flora kommune

## **6 Rapportering**

### **6.1 Journalføring.** Verksemda skal regelmessig registrere og journalføre følgjande data:

- \* Fiskemengde
  - Tal individ
  - Tal produsert fisk siste år
  - Total mengd biomasse
- \* Fôrtype og fôrforbruk
- \* Mengde rømt fisk
  - Total tal
  - Pårekna overleving
- \*Mengde død fisk
- \* Avfallsmengder og disponeringsmåtar
- \* Bruk av:
  - Antibiotika, type og mengde
  - Insekticid, type og mengde
  - Andre kjemikal, type og mengde
- \* Utteke slammengde ved reinseanlegg skal registrerast som:
  - Mengde m<sup>3</sup> per år, ikkje antibiotika
  - Mengde m<sup>3</sup> per år, antibiotikahalding
  - Kg tørrstoff per år
  - Leveringsstad og disponeringsmåte

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 2 år og vera tilgjengeleg ved kontroll.

### **6.2 Årsrapport.** Kvart år skal det utarbeidast ein rapport for fylkesmannen som viser m.a. siste års produksjon, avfallsmengder og -handtering, forbruk av fôr og medisin. Årsrapporten skal leverast på standard skjema som vert utarbeidd og sendt ut for det enkelte året. Eventuelle overskridingar i ramma for løyvet, eller andre problem uføresette hendingar m.m. må kommenterast.

Årsrapporten må sendast til fylkesmannen innan **15. februar** det påfølgjande året.



Dersom det er tvil om innhald/krav i eit vilkår, skriv spørsmålet her eller på eige ark – eller omtal korleis de har planlagt å stette kravet:

Legg ved kopi av overordna dokumentasjon på internkontroll som gjeld ytre miljø (vi ber spesielt om kopi av mål, organisasjon (spesielt ansvarstilhøve som gjeld internkontroll), og evt. årleg gjennomgang), jf. § 5, 1.ledd nr. 4, 5 og 8 i internkontrollforskrifta)

Dokumentasjonen er ikkje heilt ferdig, men vil verte sendt inn innan: dato

Kontaktperson når det gjeld internkontroll (ytre miljø) på anlegget:

Dersom aktuelt: Kontaktperson når det gjeld internkontroll (ytre miljø) i konsernet:

Underteikna har lese gjennom utsleppsløyve og alle vilkår og stadfestar med dette at vilkåra vil verte stetta.

Stad

Dato

Underskrift